



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Møterom «Vatnevatnet», Ørsta rådhus
Dato: 28.11.2017
Møtet starta Kl. 13.00
Møtet slutta Kl. 14.40

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Svein Castberg	Leiar
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar. Frå sak 52.
Peder Slenes	Medlem
Stina Aasen Lødemel	Medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Kari Janne Myklebust	Medlem

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Bjørn Støylen	Kari Janne Myklebust

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef

Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling
------	----------

Sak nr	Tittel	Arkivkode	
49/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	033	
50/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	049	
51/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	033&58	
52/17	Meldingar	033&17	
53/17	Offentlegheit i kommunal sektor – Tilbakemelding frå rådmannen	047	
54/17	Budsjett for kontrollutvalet 2018	151	
55/17	Revisjonsplanlegging 2017 – Finansiell revisjon	216	
56/17	Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – Vatn og avløp	217	
57/17	Tertialrapport august 2017	212	
58/17	Tilsynsrapport – Kommunal beredskapsplikt	099	

SAK 49/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL.

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Stina Aasen Lødemel.

SAK 50/17 GODKJENNING MØTEPROTOKOLL SISTE MØTE.

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet 21.09.2017 vert godkjent.

Vedlegg

Møteprotokoll frå møtet 21.09.2017.

SAK 51/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	21.09	12.10	02.11
Formannskapet	03.10	17.10	14.11
Administrasjonsutvalet	-		
Samfunnsutvalet	03.10	07.11	
Levekårsutvalet	04.10	15.11	
Landbruksnemnda			
Eldrerådet	04.10	27.10	
Råd for likestilling av funksjonshemma	23.10		
Valstyret	06.09	12.09	
Vilt- og innlandsfiskeremnda			
Ungdomsrådet			
VØR IKS Styret	26.09		
VØR IKS Representantskapet			
VØR IKS Klageutvalet			
Retura Søre Sunnmøre AS			

SAK 52/17 MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Kommunal økonomi, oktober 2017: «Dagens føring av pensjon bør opphøre».
2. Ørsta Kommune, Kommunestyret. «Oppmoding om endring av rollefordelinga i forliksrådet». Datert 21.09.2017.

Saksopplysningar

Det vert og orientering frå sekretariatet/leiar om nyval i styret og budsjett 2018.

SAK 53/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR – TILBAKEMELDING FRÅ RÅDMANNEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding på spørsmåla vedkomande offentlegheit i kommunal sektor til vitende.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet retta ein del spørsmål (i feit skrift) i sak 34/17 til rådmannen vedkomande arkiv, dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit. Tilbakemelding av 28.08.2017 gir eit greitt bilde av rutinane.

Arkiv:

1. Har kommunen ein ajourført arkivplan ihht arkivforskrifta?

Ørsta kommune har ein ajourført arkivplan pr. oktober 2016:

<http://orsta.arkivplan.no/> - fane referanse – IKA Møre og Romsdal – Ørsta

Føremål for arkivplan i Ørsta kommune

- *Denne arkivplanen skal til ei kvar tid vere retningsgjevande for korleis all dokumentasjon som kommunen treng i sine daglege gjeremål eller har plikt til å oppbevare for ettertida skal registrerast, oppbevarast og nyttast. Den skal vise kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Det er eit krav i forskriftene til arkivlova at kommunane skal ha ein slik plan (forskr. § 2-2). For at planen til ein kvar tid skal vere aktuell, må den jamnleg oppdaterast og ajourførast. Arkivplanen skal rullerast og refererast i kommunestyret kvart 4. år (kommunevalår). Dei arkivplanane som er gått ut av bruk skal arkiverast.*
- *I kommunen er det administrasjonssjefen (rådmannen) som har det overordna arkivansvaret (jfr. Arkivforskrifta § 1-1). Arkivleiar har det daglege overordna ansvaret for arkivtenesta og utarbeidar verksemdsplan.*
- *Rådmannen i Ørsta kommune oppmodar alle medarbeidarar om å setja seg godt inn i og følgja retningslinene i arkivplanen.*

2. Har kommunen lett tilgjengeleg rutineskildring for journalføring og arkivering?

Ja, det ligg arkivplan under Rutinar – Registreringsreglar – 3 dokument:

<http://orsta.arkivplan.no/content/view/full/180573>

3. Har kommunen tydelege og fullstendige retningsliner og rutiner for registrering av organinterne dokument?

Organinterne dokument: arkivplan under Rutinar – Registreringsreglar – Dokument 1, side 10. § 2-6 meiroff., siste avsnitt:

§ 2-6. *Journalføring og anna registrering*

Eit offentleg organ skal ha ein eller fleire journalar for registrering av dokument i dei sakene organet opprettar. I journalen skal ein registrere alle inngåande og utgåande dokument som etter offentleglova § 4 må reknast som saksdokument for organet, dersom dei er gjenstand for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon. Organinterne dokument, jf. § 1-1 til § 1-3, registrerer organet i journalen så langt organet finn det tenleg.

Det ligg også under arkivplan – rutiner – daglege rutiner – dokumenthandtering spesielle rutiner – registrering av interne dokument:

Registrering av interne dokument

I fylgje arkivforskrifta § 2-6 vurderer kommunen sjølv kva organinterne dokument som skal registrerast i journalen. Ørsta kommune definerer seg sjølv som eit organ, og har følgjande journalføringsrutiner for intern post:

Internpost skal handsamast som eksterntpost. For korrespondanse mellom einingar som er tilknytta same Noark-base, nyttar ein dokumenttypane X og N. Er den eine eininga ikkje knytta opp mot basen, nyttar ein dokumenttypane U og I som for eksternt korrespondanse. Dokumentet skal arkiverast i arkivet til avsendar.

Unntak: Ved store geografiske avstandar mellom avsendar og mottakar kan ein arkivere dokumentet på begge stadar. Ein må då nytte dokumenttypane I og U og registrere det som to sjølvstendige saker.

4. Har kommunen rutiner for korleis inngåande og utgåande dokument til/frå sakshandsamar skal registrerast i kommunen?

Ja, jf spørsmål 2: Det ligg arkivplan under Rutinar – Registreringsreglar – 3 dokument:
<http://orsta.arkivplan.no/content/view/full/180573>

Dokumentoffentlegheit

1. Har kommunen skriftlege rutiner for skjerming av informasjon i postlista?

Ja, arkivplan under Rutinar – Registreringsreglar – Dokument 1, side 13.

2. Har kommunen skriftlege rutiner for å vurdere informasjon etter prinsippet om meirinnsyn?

Meirinnsyn, siste setning side 10 i registeringsreglar:

Ørsta kommune praktiserar meiroffentlegheit når det gjeld organinterne dokument. Både notat n og x vert journalførte.

3. Har kommunen skriftlege rutiner for handsaming av krav om innsyn?

Krav om innsyn: Opplysningane ligg på Ørsta kommune si heimeside under postlister:

<https://www.orsta.kommune.no/sjolvbetening/postlister/> og under arkivplan.no – rutinar – daglege rutinar – sentral dokumenthandtering – postjournal – offentleg postliste:

Offentleg postliste

Offentleg journal er tilgjengeleg på heimesida til Ørsta kommune. Unntak; personalmapper og elevmapper – desse er ikkje tilgjengeleg på heimesida vår.

Postlista vert kontrollert av 2 personar på servicekontoret dagen etter journalføring og er tilgjengeleg på heimesida dagen deretter, altså to dagar forseinking.

For ytre einingar og arkivdelar som ikkje er knytt opp mot ePhorte er der egne rutiner. Sjå rutiner for den enkelte eining.

Rutine for handsaming av innsyn og meirinnsyn

Når vi mottok krav om innsyn på dokument skal dette handsamast utan unødig opphald, vanlegvis same dag, eller dagen etter. Vi vurderer om eit dokument skal vere offentleg eller ikkje når vi journalfører dokumentet. Inngåande dokument set arkivet eit forslag, sakshandsamar pliktar å sjå til at dette er rett. Utgåande dokument vert vurdert av sakshandsamar, arkivet kontrollerer ved journalføring at dokumentet er vurdert utifrå interne rutiner, jmf. Registreringsreglane.

Ved krav om innsyn tek vi ei ny vurdering. Er dokumentet offentleg vert det sendt ut. Er dokumentet unnateke offentleg innsyn sender vi førespurnaden over til sakshandsamar som vurderer meiroffentlegheit. Denne vurderinga skal skje utan ugrunna opphald.

□ □ Møteoffentlegheit

1. Har kommunen system og rutiner som sikrar kunngjering av politiske møter på ein føremålstenleg måte?

Vi har rutinar for kunngjering av politiske møte.

Om lag 12 dagar før kommunestyremøte har vi annonse om møtet i lokalavisa. I annonsen har vi også om dei politiske gruppemøta før kommunestyremøtet og om møta i råd og utval.

Saklista/møteinnkalling vert lagt på heimesida 5 til 7 dagar før møtet og publisert same dag. Publisert gjennom link til saklista/møteinnkallinga på e-post til medlemar i rådet eller utvalet, media, kontrollutvalet m/ vara, stab- og seksjonsleiarane m.fl. Medlemar i utval får i tillegg saklista/møteinnkallinga på chromebook.

2. Har kommunen skriftlege prosedyrer for lukking av møter i folkevalde organ?

Ja, jf. reglement for politiske utval vedteke i kommunestyret 29.1.2008, punkt 2.7.2. og 2.7.3. som følgjer: (reglementet er lagt på heimesida og på chromebook)

2.7.2 Kommunestyret kan vedta å handsame ei sak for stengte dører når omsynet til personvern eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier det. Før vedtak vert gjort, skal spørsmålet drøftast, dersom møtestyraren krev det eller kommunestyret vedtek det. Personalsaker skal alltid handsamast for stengde dører, Kommunelova § 31 pkt. 3.

Debatt om dette skal gå føre seg for stengde dører dersom møteleiaren krev dette, eller formannskapet vedtek det.

2.7.3 Dersom det er gjort vedtak om at dørene skal stengjast, har dei som sit i kommunestyret og dei kommunale tenestemennene som er til stades, plikt til å teie om drøftingane dersom ikkje noko anna er vedteke. Dersom vedtaka skal vere unnateke offentleg innsyn, må det gjerast serskild vedtak om det. Teieplikta står ved lag til dess noko anna er fastsett, eller til at grunnane for vedtaket om stengde dører har falle bort.

3. Har dei folkevalde motteke tilstrekkeleg opplæring om teieplikt og lukka/opne møter?

Hausten 2015, etter valet, vart det nye kommunestyret og 1. varamedlemar invitert/innkalla til to dagars politikaropplæring, KS sitt folkevaltprogram 2015 – 2019.

Vi ser at det kan vere naudsynt med meir opplæring om møteoffentlegheit, teieplikt og fleire tema som t.d. habilitet. Vi arbeidar med å planlegge opplæring for kommunestyret og utvala hausten 2017.

SAK 54/17 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 40.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2018. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2018 pålydande kr. 40.000,-. Dette er same nivå som foregåande år,

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følge det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

SAK 55/17 REVISJONSPLANLEGGING 2017 - FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek Revisjonsplanlegging 2017 – finansiell revisjon, for Ørsta kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.

Vedlegg

- Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. Motteke 16.10.2017 (**Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.**)
Vert sendt pr. post.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef Bodill Skeide, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2017. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. dokument (som er **unnateke off. innsyn**):

- Selskapsinformasjon
- Oppdragsvurdering
- Vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Generell risikovurdering og spesifikk risikovurdering på revisjonsområdenivå
 - o Transaksjonsklasser
 - o Kontosaldoar
 - o Tilleggsområder
 - o Angrepsvinkel

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Leiaren bad om at saka må lukkast under gjennomgang av dokumentet som er unnateke offentleg innsyn.

Debatten om lukking av møtet vart halden for lukka dører. Dørene vart så opna og utvalet røysta over forslaget om lukking. Møtet var lukka med heimel i kommunelova § 31 nr 2 og 5.

SAK 56/17 OPPFØLGING FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – VATN OG AVLØP

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding av 07.11.2017 til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen sette i verk tiltak for å følge opp revisor sine tilbakemeldingar av 20.11.2017:
 - a. Fortsetje arbeidet med å få redusert lekkasje ved Vikegeila.
 - b. Rådmann bør trekke ut lønskostnader knytt til adm./stab og føre det som indirekte kostnad.

- c. Rådmann bør legge inn fordelingsnøkklane i sjølvkostsystemet momentum for avdelingskostnader slik at desse vert automatisk utrekna.
3. Kontrollutvalet vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet og kommunestyret innan **31.03.2018**.

Vedlegg

1. Tilbakemelding frå rådmannen, datert 07.11.2017.
2. Tilbakemelding frå revisor, datert 20.11.2017.

Saksopplysningar

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Kontrollutvalet i Ørsta kommune gjorde vedtak i sak 25/15 om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan sjølvkostområdet vatn og avløp. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent av kontrollutvalet sak 31/15. Prosjektet skulle vurdere om lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innan vatn og avløp er fylgde i Ørsta kommune.

Gjennomgang av områda vatn og avløp er avgrensa hovudsakleg for 2014, men med eit lenger tidsperspektiv på enkelte område. Renovasjon er ikkje med i prosjektet.

Formålet med prosjektet er å setje søkelys på situasjonen i dag og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Vatn og avløp – Ørsta kommune, datert 30.05.2016. Denne var handsama i kontrollutvalssak 38/16, og vidare i kommunestyret 08.12.2016 i sak K-103/16 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – *Vatn og avløp* – Ørsta kommune (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 30.05.2016).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må vurdere å sette i verk tiltak for å redusere lekkasje/svinn av produsert vassmengd. Dette ved utbetring av anlegg med kjent lekkasje, men óg vurdere det stipulerte/kalkulerte forbruket ved berekninga av forbruksgebyr etter areal, alt. få fleire av abonnentane til å nytte vassmål.
 2. Kommunen må gjere ei vurdering i høve kor mykje av arbeidet til tilsette i leiande stillingar som går med til administrasjon.
 3. Kommunen må utnytte mulighetene som ligg i sjølvkostverktøyet i høve berekning av indirekte kostnader ved etablering av grunnjevne fordelingsnøklar slik at verktøyet som er innkjøpt vert utnytta fullt ut. Kommunen må i denne samanheng ha fokus på å skilje betre mellom kva utgifter som er knytt til vatn og kva som er knytt til avløp slik at dei to gebyra vert så korrekte som mogeleg overfor dei respektive brukarar av tenestene.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet og kommunestyret innan 31.08.2017.

Tilbakemelding frå rådmannen v/ avdelingsleiar kommunalteknikk, datert 07.11.2017

1. Lekkasje: Det er ingen tvil om at lekkasjeprosenten for Vikegeila vassverk er for høg. I 2011 ble det innkjøpt utstyr for aktiv lekkasjekontroll (lydloggere) som vi siden har hatt svært god bruk for, se bildet. Det første søket avslørte 4 lekkasjer, alle på privat an boring, som tok ned middelforbruket på vassverket med 8 l/s. Vi bruker utstyret aktivt og tar lekkasjer fortløpende. Mengden vatn produsert blir mål ut frå vassverket. Kostnaden ved å produsere denne mengden vatn blir fordelt på abonnentene, uavhengig om det er lekkasje eller forbruksvatn. Stipulering av forbruk etter areal gjøres etter akseptert metode og skal være tilnærmet rett. I Ørsta er det ikkje vassmålarplikt, slik at abonnenten sjølv må velje hvilken beregningsmetode som er ønskelig. I forhold til lekkasje vil ikkje en vassmålar i seg sjølv redusere tap. Grunnen til det er at lekkasjene i stor grad er på privat ledningsnett (an boring) og ikkje vil fanges opp på en vassmålar montert på hovudkran i hus.
2. Administrasjonen er fordelt på teknisk sjef, avd. leiar og anna støttepersonell.
3. Indirekte kostnader er fordelt.

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 20.11.17

Anbefaling 1:

Kommunen har sett i verk tiltak for å redusere lekkasje, men tilbakemeldinga viser at kommunen framleis har ein høg lekkasjeprosent ved Vikegeila.

Anbefaling 2:

Tilbakemeldinga gir ikkje svar på om kommunen no vil trekke ut lønskostnadar knytt til adm/stab og føre dette som indirekte kostnadar.

Anbefaling 3:

Tilbakemeldinga gir ikkje svar på om kommunen no vil legge inn fordelingsnøkklane i sjølvkostsystemet i høve indirekte kostnadar slik at systemet reknar ut dei indirekte kostnadane automatisk.

Vil kommunen framleis berekne desse manuelt?

SAK 57/17 TERTIALRAPPORT AUGUST 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tertialrapport for august 2017 til vitende.

Vedlegg

Ørsta kommune, Kommunestyret. PS 76/17. «Tertialrapport august 2017». Datert 12.10.2017.

Saksopplysning

Kommunestyret hadde tertialrapport august 2017 til handsaming i sak PS 76/17, og gjorde samrøystes vedtak om å ta tertialrapport august 2017 til vitende.

Viser til vedlegg.

Samandrag av saka:

Rekneskapet for januar til august viser eit mindreforbruk på 17,3 millionar samanlikna med budsjett for perioden. Årsprognosen syner eit mindreforbruk på 4,1 millionar.

Saksopplysingar:

Rapporten syner bokførte rekneskapstal for januar til august samanlikna med periodisert budsjett. Vidare syner rapporten rekneskap for 2016 etter revisjon, prognose for 2017 og gjeldande budsjett.

Ut juli har vi eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 17,3 million. Prognosen for året syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 4,1 mill. Seksjonane og økonomistaben har lagt ned eit stort arbeid med å få prognosen for heile året så rett som ein klarer per dato. Det ein presenterer er likevel eit estimat om framtida. Ein kan rekne med at det kjem til å skje uventa hendingar i løpet av året som gjer at dei endelege rekneskapstala blir annleis. Administrasjonen har fått ei viss rutine å sette opp slike prognoser, så det er håp om at prognosen vil stemme bra.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen i Ørsta kommune reknar med å fullføre året 2017 med eit lite mindreforbruk samanlikna med budsjett. Det er fortsatt nokre månadar igjen av året 2017 og ein kan rekne med at det vil skje uventa hendingar som ein ikkje har klart å ta høgde for i prognosen.

SAK 58/17 TILSYNSRAPPORT – KOMMUNAL BEREDSKAP

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilsynsrapport av 07.07.2017 vedkomande Kommunal beredskapslikt til vitende.

Vedlegg

1. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. *Rapport etter tilsyn. Kommunal beredskapslikt. Ørsta kommune. Datert 07.07.2017*
2. Lovdata. *Forskrift om kommunal beredskapslikt. Siste retting 01.01.2014.*

Saksopplysning

Fylkesmannen utførte tilsyn i Ørsta kommune 04.05.2017. Føremålet med tilsynet er å sjå til om Ørsta kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapslikt.

Tilsynet avdekte to avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

Avvik nr. 1

Ørsta kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapslikt §2, litra e).

Utdjupande kommentar:

ROS-analysen manglar ei vurdering av kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd etter at uønska hending har skjedd.

Avvik nr. 2

Ørsta kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, første ledd, litra a).

Utdjupande kommentar:

Mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av funna i ROS analysen er ikkje fastsett, verken i samband med utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse eller i andre strategiske planar.

Merknad nr. 1 – om heilskapleg ROS-analyse

Kommunen bør:

- Lage ein prioritert handlingsplan basert på funna i den heilskaplege ROS-analysen.

Merknad nr. 2 – om overordna beredskapsplan

Kommunen bør:

- Revidere beredskapsplanen med utgangspunkt i ny handlingplan til ROS-analysen.
- Lage ein meir utfyllande oversikt over andre beredskapsplanar i kommunen og flytte den lenger fram i beredskapsplanen slik at det gir betre oversikt og for betre å imøtekome forskriftskrava.
- Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

I samband med oversending av tilsynsrapporten, vart kommunen beden om å utarbeid ein plan for oppfølging (lukking) av avvika. Plan for oppfølging av avvika går fram av kommunen sitt brev av 25.08.2017. Planen føreset at alle avvika skal lukkast innan 01.03.2018.

Etter Fylkesmannen si vurdering er kommunen sin plan føremålstenleg, gjennomførbar og avvika vil verte følgde opp i løpet av rimeleg tid. Fylkesmannen avsluttar derfor tilsynet med Ørsta kommune.

Møtet slutt.

Sven Castberg

- leiar -

Stina Aasen Lødemel

- medlem-

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Ordførar til orientering.

Rådmann til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.